

# **INFORMASJON OM**

# **GARDSTUNET BARNEHAGE**



Vår visjon

**«EIN GOD STAD Å VÆRE – LEIKE OG LÆRE»**



midt i blinken

## **Innleiing**

Velkommen hit til oss i Gardstunet barnehagen, vi ser fram til å bli kjent med de som foreldre og med barnet dykk.

Det er mykje spaning knytt til det å skulle starte i barnehagen, både for liten og stor. Vi håpar å svare på mange av dei spørsmåla gjennom dette velkomsthefte. Her vil de finne ein presentasjon om barnehagen vår, vår visjon, barnehagens pedagogiske grunnsyn, samt praktisk informasjon og korleis vi jobbar opp i mot dei ulike styringsdokumenta barnehagen er lovpålagt å føl.

*Er det andre ting de treng å få svar på kan de nå oss både på telefon og mail.*

## **Kontaktinformasjon leiing**

Styrar	Anita Sæheim Kjelsvik
Telefon	991 54 295
E-post	<a href="mailto:Anita.kjelsvik@vestnes.kommune.no">Anita.kjelsvik@vestnes.kommune.no</a>
Einingsleiar	Lise Grønningsæter
Telefon	907 20 911
E-post	<a href="mailto:lise.gronningseter@vestnes.kommune.no">lise.gronningseter@vestnes.kommune.no</a>

## **Kontaktinformasjon Blåmann (småbarnsavdeling)**

Pedagogisk leiar	Lene Otterlei
Telefon avdeling	902 58 351
E-post	<a href="mailto:lene.otterlei@vestnes.kommune.no">lene.otterlei@vestnes.kommune.no</a>

## **Kontaktinformasjon Litago (storbarnsavdeling)**

Pedagogisk leiar	Rebecca Vik Vasseli
Telefon avdeling	901 96 542
E-post	<a href="mailto:Rebecca.vasseli@vestnes.kommune.no">Rebecca.vasseli@vestnes.kommune.no</a>

## Innhold

OM GARDSTUNET BARNEHAGE .....	3
DEN FØRSTE TIDA I BARNEHAGEN.....	4
BARNEHAGEN SINE FORVENTNINGAR TIL FORELDRE.....	5
PRAKTISKE OPPLYSNINGAR.....	5
Appen «min barnehage» .....	5
Dagsrytme .....	6
Måltid i barnehagen.....	6
Kva treng barnet i barnehagen.....	7
Utetid.....	8
Sjukdom.....	8
Medisinering og ansvar .....	9
Rutiner for overgang mellom barnehage og skule.....	9
Levering/henting .....	9
Oppholdstid .....	10
Kontaktinformasjon til foreldre.....	10
Beredskapsplanar .....	10
Kjøp av dagar .....	10
Sommarferie .....	11
Feriar ellers.....	11
Planleggingsdagar.....	11
Fødselsdagar.....	11
Høgtider.....	11
BARNEHAGEN SITT PEDAGOGISKE GRUNNSYN .....	12
SAMARBEID .....	12
Foreldresamtalar .....	13
Foreldremøte.....	13
Foreldrerådet .....	13
Samarbeidsutvalget.....	13
Andre samarbeidsorgan .....	13
TILSYN .....	14
STYRINGSDOKUMENT .....	15

## OM GARDSTUNET BARNEHAGE

Gardstunet barnehage opna i 1994 og var ein privat barnehage fram til kommunen tok over drifta i 2007. Barnehagen vår ligg i naturskjønne omgjevnadar på Vik gard i Tomrefjord, med skog og fjøre tett på. Gardstunet barnehage er ein to avdelings barnehage med ei avdeling for dei yngste på 0-3 år og ei avdeling for dei eldste frå 3-6 år. Barnehagen er ein gardsbarnehage kor vi har minifjøs med høner og kaninar. På våren pleier vi å klekkje fram våre eigne kyllingar ved hjelpe av ei rugemaskin, noko som alltid er like stas.

Avdelingane har fordelt ansvarsområde når det gjeld fjøsen og dyra. Barna rullera på å ta del i mellom anna mating og stell. Gjennom arbeid med både dyr og planter får barna erfare korleis dei skal behandle både seg sjølv, andre og naturen med omsorg og respekt. Samtidig stilles det mange filosofiske spørsmål kring både liv og død.

Me har eit flott nærmiljø. Like ved barnehagen har vi Vikfjøra med tilknyting til ein eigen gapahuk. Det er ofte ein flott base på turdagar. Vi er også så privilegerte at vi har tilgang til Idrettshall i Tomrefjord og vi tilbyr førskulebarna vasstilvenning i symjehallen. De vil få meir utfyllande informasjon om dette når barna skal i gang med det siste året i barnehagen og skal delta på førskulegruppe.

Det har også blitt bygd ein platting til lavvo like utanfor barnehagegjerdet med fyringsmoglegheiter, det er ein herleg plass å varme seg på når haust- og vintervêret melder seg. Låveloftet har variabel bruk, alt frå snikkarbod, formingsrom, og leikerom. Men, når desember bankar på døra blir det forvandla til ein magisk julelåve.



## DEN FØRSTE TIDA I BARNEHAGEN

Det å begynne i barnehage kan være ein stor overgang for mange barn. Vi i Gardstunet barnehage ønskjer å gjere overgangen så god som mogleg i samarbeid med føresette.

### Før oppstart:

På våren vil vi invitere dei nye barna til leikegruppe. Dette er eit frivillig lågterskeltilbod. Meir informasjon om tidspunkt i tilbodsbrev.

### Ordinær oppstart:

Det kan ta lang tid for eitt barn å bli godt kjend i barnehagen, og det er veldig individuelt kor lang tid det tek. For nokon kan det gå veldig fort, medan andre treng lengre tid. Det 2-3 første dagane bør foreldra vere til stede og besøka korte. Det er mange nye inntrykk for eit barn, og derfor ønskjer vi at tilvenninga til barnehagen skjer gradvis. Den første tida er av stor betydning for korleis barnet vil trivest vidare. Ei lang og roleg tilvenning saman med ein av foreldra eller ein anna barnet kjenner godt er viktig.

Rammene for dei første dagane er:

- Barnet skal ha korte dagar den første tida
- Barnet skal føle seg trygg når du går
- Du skal være lett å få tak i deg når du ikkje er i barnehagen
- Dykk skal være trygge på at vi ringer dersom vi ser at barnet er utilpass

Det er viktig at de som foreldra viser ei open og positiv haldning, samt oppmuntrar barnet til å delta å ta kontakt. Dette bidreg til at barnet raskare blir trygt og godt kjend med barn og vaksne i barnehagen. Når barnet byrjar å føle seg trygg, kan du trekke deg litt litt ut av avdelinga. Dette avtalar du med avdelinga undervegs. Informer barnet om **at du går, og at du kjem tilbake**.

Målet med oppstartsperioden er å skape trygge og gode relasjonar.

### HUGS!

Erfaring viser at det er til det beste for barnet at dei i den første tida ikkje har for lange dagar og blir for slitne. Det er betre å gå medan barnet har det kjekt i barnehagen så han/ho kan glede seg til neste dag.

# BARNEHAGEN SINE FORVENTNINGAR TIL FORELDRE

Vi forventar at foreldra:

- Tek initiativ til kontakt med personalet og at de tek opp ting de opplever som vanskeleg eller negativt slik at vi kan finne ei løysing i fellesskap.
- Tek imot, les og føl opp den informasjon som blir gitt i form av vekeplanar, ulike skriv, beskjedar m.m. Spør om de lurer på noko.
- Brukar Visma barnehage appen og held seg fortløpande oppdatert på informasjon.
- Gir beskjed til barnehagen om fråvær så snart ein veit og seinast innan kl 09.15 same dag.
- Merkar kle, sko og andre eigendalar.
- Sjekkar over garderobehyllene kvar dag. Ta med skriv, ting barna har laga og skitne kle heim. Etterfyller med reine kle, det skal alltid være minst 2 klesskift i barnehagen. Ta ikkje med kle og sko som ikkje skal brukast i barnehagen.  
Siste fredag i månaden tek du med alle kle heim til vask/sjekk.
- Viser engasjement i høve barnehagen sitt innhald. Kom gjerne med idear og innspel.
- Deltek på arrangement så langt det er råd. Dette for at barna ikkje skal gå glipp av fellesopplevelingar som vert snakka om i barnehagen før og etter arrangement.
- Viser respekt for barnehagen sine reglar ved sjukdom av omsyn til eigne og andre sine barn og personale.
- Viser respekt for at eigne leiker ikkje er tillat i barnehagen. Dette kan være kjelde til at konfliktar oppstår.
- Gjer deg kjend med barnehagen sin Årsplan og kosthaldsplan.

## PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

### Appen «min barnehage»

Dette er barnehagen si digitale kommunikasjonsplattform med foreldre/føresette.



I appen kan du enkelt;

- Motta og sende meldingar direkte med barnehagen
- Registrere fråvær frå barnehagen (fri/sjuk/ferie)
- Motta dagbok frå barnehagen om store og små hendingar i form av tekst og bilete
- Få beskjedar (felles for heile barnehagen og for den aktuelle avdelinga) – mellom anna vekeplanar vert sendt ut i appen
- Gje eller avslå samtykke (om du endrar samtykke undervegs, er det ønskeleg at du gir beskjed til avdelinga).

- Legge inn andre kontaktpersonar

Appen kan du enkelt laste ned i app-store eller google play. Etter nedlasting loggar du deg inn med ID-porten ved første gongs bruk, vel Vestnes Kommune i oversikta. Ytterlegare informasjon og brukarstøtte kan du finne på [visma.no/barnehagesystem/min-barnehage/](http://visma.no/barnehagesystem/min-barnehage/)

## Dagsrytme


I barnehagen bygg vi opp dagane våre etter ei viss rytme, for å skape stabilitet og forutsigbarheit for barna. Vi legg med eit døme om korleis dagane primært vil sjå ut, men med forbehold om at ting kan endre seg i løpet av eitt år.

Tid	Blåmann	Tid	Litago
06.45	Barnehagen opnar Frileik	06.45	Barnehagen opnar Frileik
08.00	Frukost Tannpuss	08.00	Frukost Tannpuss
09.15	Gruppedeling / Aktivitetar / Leik Fjøsstell / Turar i nærmiljøet	08.15	Frileik
11.00	LUNSJ	09.15	Tur / Gruppedeling / Aktivitetar / Leik / Fjøsstell
11.30	Soving / Kviletid Inne- og uteleik	11.30	LUNSJ
14.15	Fruktmåltid Frileik ute / inne	12.00	Kvilestund, Inne- og uteleik
16.30	Barnehagen stengjer	14.00	Fruktmåltid
		15.00	Frileik inne / ute
		16.30	Barnehagen stengjer

## Måltid i barnehagen

Måltida i barnehagen er ein viktig del av kvardagen vår. Til frukost skal barna ha med seg eiga matpakke heiman i frå, og her vil vi gjerne påpeike at «det enkle er ofte det beste». Grovskiver, med sunt pålegg og kanskje litt grønsaker i form av paprika og agurk. Lunsj og ettermiddagsmåltid får barna servert i barnehagen. Ei veksling av brød/knekkebrød til lunsj og frukt, grønsaker og brød/knekkebrød til fruktmåltidet.

Ein dag i veka har vi varmlunsj i barnehagen, i samsvar med helsedirektoratets anbefalingar, har vi vår eigen kosthaldsplan, som skal sørge for at vi er innom alle anbefalingane i kosthaldshjulet.



Du kan lese meir frå barnehagen sin kosthaldsplan på heimesida. Merk deg at vi ikkje er ein sukkerfri barnehage, men ein barnehage som har eit bevisst forhold til eit balansert og sundt kosthald.

### Kva treng barnet i barnehagen

- Innesko/tøffel/sandal (gjerne ein sko/tøffel/sandal som sitt godt på foten, er sklisikker og grei å ta av/på)
- Ekstra skifteklede, frå topp til tå  
(det er ekstra viktig å sørge for at dei har nok skift i våte periodar)
- Tursekk (sekken må være tilpassa barnet og ha stropp over brystet)
- Varme klede i form av både ull og fleece  
Vi praktisera ofte lag på lag prinsippet her på Vestlandet, då det på kort tid kan variere kva klede dei har bruk for. Då er det lettare for oss å regulere
- Sko etter årstid. Det må alltid være eit par støvlar tilpassa årstid til gjengeleg i barnehagen
- Parkdress etter sesong og regnklede
- Matpakke og drikkeflaske  
(sjå meir info under delkapittelet om måltid i barnehagen)
- Vogn, vognpose, teppe, mygnetting og vognsele for dei barna som sov
- Solbriller og solhatt på sommartid (barnehagen står for innkjøp av solkrem mot eit gebyr på 50,- per barnehageår).
- Tannbørste og tannkrem

Merking av kle, sko, matboksar og anna utstyr er nødvendig. Det gjer det lettare for både de som foreldre, personalet og barnet sjølv å halde styr og orden på eigne ting. Ta ikkje med klede og utstyr som de er redde for skal bli øydelagd.

Når det gjeld merking av kle er det mogleg å kjøpe eigne merkelappar og det finnes mange gode merketusjar å få kjøpt.

*For at barnet skal trivast, ha det kjekt, oppleve glede og meistring i det å få være ute, må dei halde seg både tørr og varm. Det er derfor svært viktig at dei har hensiktsmessige klede til ei kvar tid. Men vi minner om at dyrast nødvendigvis ikkje er best. Spør gjerne personalet om det er noko de er usikker på.*

Vi ønskje ikkje klede med fast hette og snor i barnehagen på grunn av kvelningsfare og sikkerheitsmessige årsaka.

## Utetid

I barnehagen vår brukar vi uteområdet/naturen aktivt, heile året – frå sommar til vinter. Barnehagen legg opp til ein balansert variasjon mellom inne- og ute aktivitet. Organisering, alder, modning, og motoriske ferdigheiter er med på å legge rammene. Vi brukar naturen som stimuli og som ein arena for leik, læring og utviklingsmogleheter. Her får barna lære om kva mangfold naturen har å by på, frå livet i minifjøsen, til dyrking i drivhus og kjøkkenhage. Vi tar for oss tema som hausting frå naturen, korleis lage mat frå naturens ressursar, planting m.m.

Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver vise også til at det er viktig at barnehagen gir barna gode erfaringar med natur og friluftsliv til ei kvar årstid, kor barna utvikla glede ved å bruke naturen til å utforsking, motoriske utfordringar og at dei får ei forståing til korleis ein oppheld seg og tek vare på naturen.

Når det gjeld barn og kulde følge vi retningslinjene frå Vestnes kommune. Den tek utgangspunkt i effektive kuldegrader og er meint som ein rettleiar. Personalet avgjer fortløpande gjennom heile dagen kva som er forsvarleg og ikkje.



## Sjukdom

Sjuke barn skal naturlig nok ikkje være i barnehagen. Barn som er i barnehagen, skal være friske nok til å være ute og delta i barnehagens aktivitetar.

Det er barnets allmenntilstand som avgjer om barnet kan gå i barnehagen eller bør være heime. Aktivitetsnivået i barnehagen er høgt.

Dersom barnet får ein ekstra dag heime, er sjansen for tilbakefall mindre, og faren for å smitte andre barn og personalet blir redusert.

**Barna skal ha minst ein feberfrei dag heime før dei kjem tilbake i barnehagen. Ved oppkast og diare føl vi 48 timars reglene, altså barnet skal ikkje kome i barnehagen før det har gått 48 timer etter at det er symptomfri.**

Registrer fråvær i appen så snart du veit at barnet er sjuk. **Seinast innan kl. 09.15** same dag.

Veit du at barnet vert vekke fleire dagar, legg gjerne dette inn med ein gong.

Dersom barnet blir sjuk i barnehagen, vil personalet ringe til foreldra, og barnet må hentast snarast. Når me ikkje foreldre tek me kontakt med dei om er satt opp som anna kontaktperson i appen.

### Medisinering og ansvar

**Foreldra har ansvar for medisinering av sine barn. Dersom legemidlar må tas i den tida barnet er i barnehagen, skal det føreligge ein skriftleg avtale på fastsett skjema mellom foreldre og barnehagen om korleis dette skal gjerast. Personalet skal ikkje på eigenhand foreta medisinering med handkjøpspreparat som for eksempel smertestillande eller febernedsettande.**

Medisinen skal leverast personalet i barnehagen for oppbevaring i låst skap og ikkje bli liggande i barna sin sekk eller på plassen til barna.

### Rutinar for overgang mellom barnehage og skule



Vi har eit tett samarbeid med Tomrefjord Skule. Ein eigen lokal plan legg føringar for korleis overgangen mellom barnehage og skule skal gjennomførast. Den inneholder blant anna fleire skulebesøk.

I tillegg har vi førskulegruppe. Det er ein klubb for dei som går siste året sitt i barnehagen. Her forbereder vi oss til skulestart gjennom skuleførebuande aktivitetar. Føresette med førskulebarn vil få nærar informasjon om dette arbeidet på første foreldremøte.

### Levering/henting



Sei "Hei" når du kjem og "Ha det" når du går.

Når vi er ute om ettermiddagen, er det spesielt viktig at det blir registrert når barn går. Ønskjer at de oppfordrar barnet dykkar til å rydde før de reiser frå barnehagen.

Vi prøver så langt det er mogleg å møte kvart enkelt barn i garderoben når det kjem. Dersom dykk ikkje blir møtt i garderoben, føl barnet inn på avdelinga.

Dei alle fleste aktivitetar i barnehagen startar kl. 9.15. Det vil sei at det er fint om barnet er levert til då og at de gir beskjed om det blir forsinka eller ikkje kjem. **Vi går ut frå at barnet ikkje kjem i barnehagen, om vi ikkje har høyrt noko før kl.9.15.**

Dersom andre enn foreldre/føresette skal hente barnet, må dette meldast frå om i appen eller til avdeling når du levera barnet.

**LUKK ALLTID PORTEN ETTER DEG!** **Barn** kan lett smette ut. Parkeringsplassen er uoversiktlig om morgonen og ettermiddagen når mange levera og henta samtidig. I den mørke årstida er det vanskeleg å sjå barna bak ryggande bilar. Barna skal alltid gå i følge med foreldra ut av porten og ikkje gå i førevegen for å vente ved eller i bilen.

Minner også om at bilen ikkje har lov å stå å gå på tomgang på parkeringsplassen.

**Hentesituasjon er dagens viktigste møte**, vennligst legg igjen mobiltelefon i bilen. Det er viktig med tilstedeværelse ved henting og levering. Vis interesse for kva barnet har opplevd i løpet av dagen. Minner også om at barnehagens område skal haldast fritt for både røyk og snus.

### Opphaldstid

Barna kan ikkje opphalde seg i barnehagen i meir enn 9 timer pr. dag sjølv om barnehagen har lengre opningstid. Du kan altså ikkje bringe barnet i barnehagen kl 07.00 og hente kl 16.30. Om barnet vert henta for seint, dvs etter stengetid får dykk ei bot på kr 200,-. **Berekn tid til påkledning, personalet skal kunne låse døra kl 16.30.**

### Kontaktinformasjon til foreldre

Foreldre må passe på at barnehagen har oppdatert e-postadresse, telefonnummer på arbeid, heim og mobil . Vi må også ha telefonnummer til ein kontaktperson dersom vi ikkje får foreldra eller dersom foreldra er vekke. Dette legg dykk i appen «min barnehage».

### Beredskapsplanar

Barnehagen har eit førebyggjande tiltak som skal ivareta tryggleiken ute og inne, og ein beredskapsplan om det skulle oppstå ei skade eller ulykke. Dersom eit barn skadar seg, ringer vi foreldre samtidig som vi kontaktar lege.

### Kjøp av dagar

Dersom du ikkje har full plass til barnet ditt er det mogleg å kjøpe timer i barnehagen. Ein time kostar kr 40,-

For at dette skal være mogleg må det enten være ledig plass på avdelinga som barnet går på i barnehagen, eller det må være fråvær frå eit anna barn.

Derfor er det viktig at **alle ringer barnehagen og gir beskjed dersom barnet ditt ikkje kjem så snart du veit om fråværet, eller seinast kl 09.15 same dag.** Ev. kjøp av dagar avtalast med pedagogisk leiar på førehand. Timekjøp blir fakturert i påfølgande terminbetaling.

## Sommarferie

Kommunestyret har gjort vedtak om sommarstengte barnehagar. Alle dei kommunale barnehagane er stengt dei tre siste vekene i juli og første veka i august (veke 28-31). Barnehagen har som oftast studiedag dei to første dagane etter sommarferien. Desse dagane er barnehagen stengt. Ordinær opning vert derfor vanlegvis onsdag i veke 32. Nye barn får eigne tilvenningstider og må føl desse.



## Feriar ellers

I jul- og påskeferie vil det være tilbod i eigen barnehage. Det vil bli sendt ut ein digital undersøking om barna skal være i barnehagen eller ikkje i det aktuelle tidsrommet. Undersøkinga er bindande då vi set opp personale på jobb etter kor mange barn som skal nytte tilbodet. Om ditt barn blir aleine eller ein av få barn på si avdeling vil barnehagen vurdere å kontakte heimen. Ikkje for å be dykk om å ta barnet fri, men for å gi dykk moglegheit til å finne ei anna løysing om dykk meiner det er til det betre for barnet.

Det er og fint om dykk kan gje beskjed dersom barna tek fri i haust- og vinterferie, samt «inneklemta dagar». Fråvær kan enkelt leggast inn i appen.

## Planleggingsdagar

Barnehagen har fem planleggingsdagar gjennom året. Desse er datofesta og vert opplyst om i årsplanen til Gardstunet barnehage. Barnehagen er stengt desse dagane.

## Fødselsdagar



Alle barn får markere fødselsdagen sin i barnehagen. Denne dagen vert det gjort litt ekstra stas på bursdagsbarnet.

Det er ikkje lov å dele ut bursdagsinvitasjonar i barnehagen men barnehagen kan være behjelpeleg med telefon og adresseliste.

## Høgtider

Vi markera dei kristne høgtidene jul og påske. Det er lagt opp til barnehagegudsteneste i kyrkja eller i barnehagen før jul. De kan om de vil reservere dykk og barnehagen kan lage alternativ opplegg i barnehagen. Vi kan også markere andre religionar si høgtid etter barn og føresette sine ønskjer.

## BARNEHAGEN SITT PEDAGOGISKE GRUNNSYN

Barndommen er ei fase med eigenverdi, og vi vaksne må være lydhøye for barna sine ønskjer og behov. Gardstunet barnehage skal være ein god plass å opphalde seg for store og små.

Vi sett den «gode barndom» i fokus der leik og vennskap står sentralt. Leiken skal ha ein framtredande plass i barns liv i barnehagen. Gjennom leik og samhandling utviklar barn evne til å omgå andre og utvikle sin identitet og læringskurve. Gjennom leik skaffar barna seg erfaring med blant anna viktige reglar knytt til kommunikasjon og konsentrasjon, samt «reglar» for samhandling med andre. Anerkjennande og støttande relasjonar er eit grunnlag for utvikling av sosial kompetanse. Leik er eit viktig verkemiddel knytt opp mot det å danne vennskap og barn brukar gjerne leik for å bearbeide inntrykk. Leik er derfor ein viktig del av barnehagekvarldagen og vert vektlagt i relasjon mellom både barn / barn og barn / vaksen.

Vi er opptatt av at barn kan! Vi legg til rette for at barna skal få oppleve meistring gjennom dagen. Utfordringar, oppgåver og opplevelingar skal være tilpassa kvart enkelt individ, slik at det møte kvart enkelt barn på deira alders- og modningsnivå. Gjennom ros og oppmuntring vil vi være med på å gje kvart enkelt barn eit positivt sjølvbilete. Dei skal få kjenne på at akkurat dei er viktige og at dei betyr noko for andre.

Alle menneske er i ein evig danningsprosess. Danning handlar om at menneske dannar eit aktivt og bevisst forhold til samfunnet vi lev i. Barn må få lære å stille kritiske spørsmål og utvikle ei evne til å reflektere og å sjå ting i ein større kontekst. Danning handlar om å ta eigne val, sjølvstendig tenking, toleranse, globalisering, demokrati og ikkje minst barns medverknad. Vi er opptekne av at alle skal få moglegheita til å verte den beste utgåva av seg sjølv.

## SAMARBEID

*Barnehagen skal gje barn under opplæringspliktig alder, gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barna sin heim (barnehagelova § 1).*

De som foreldre er våre viktigaste samarbeidspartnarar. Vi ønskjer eit nært og opent samarbeid med foreldra, slik at vi sikrar at barna blir best mogleg ivaretatt. Det skal være lav terskel for å ta kontakt, og vi ønskjer at personalet får mest mogleg informasjon om barnet ditt. Vi vektlegg å være open og synes det er viktig med gjensidig informasjon.

Handvendingar som gjeld enkeltbarn gjer vi alltid i samarbeid med foreldra til dei barna det gjeld.

## Foreldresamtalar

Alle får ein skriftleg invitasjon til foreldresamtalar to gongar i året, både haust og vår. Samtalen på hausten er obligatorisk, medan den på våren er frivillig. Ved ønskje eller behov utanom kan de sjølvsga avtale med pedagogisk leiar for avdelinga barnet går på. Det er i hovudsak pedagogisk leiar som gjennomfører samtalen.

## Foreldremøte

De får invitasjon til foreldremøte / foreldrerådsmøte ein til to gongar i året. Vi held det første foreldremøtet i august / september. Der har vi også eit eige møte for dei barna som skal starte på skulen neste haust.

## Foreldrerådet

Foreldrerådet består av alle foreldra i barnehagen.

## Samarbeidsutvalget

Samarbeidsutvalet er eit samarbeidsorgan for foreldre, personale og barnehagens eigar, som er Vestnes kommune. Samarbeidsutvalet behandler saker som vedrøre barnehagen alminnelege drift. Samarbeidsutvalet skal og fastsette ein årsplan for barnehagen og ta opp saker som er viktig for barnehagen, foreldre og barn.

## Andre samarbeidsorgan

Barn kan av ulike orsakar ha behov for ekstra støtte å oppfølging i kortare, eller lengre periodar. Tverrfagleg samarbeid er derfor ein naturleg del av barnehagekvarden. Tverrfagleg samarbeid omhandlar mellom ann at ulike fagmiljø i lag skal finne dei beste løysingane for barnet, barnehagen og heimen. Barnets behov skal alltid vere utgangspunkt. Døme på aktuelle samarbeidspartnarar er:

- [Pedagogisk Psykologisk teneste](#) (PPT): PPT skal hjelpe barnehagen og skulen slik at dei kan gje barn og elevar tilfredsstilande utbytte av tilbodet. PPT skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge tilbodet for barn med særlege behov. Med PPT har me mellom andre faste møtepunkt gjennom året der pedagogiske leiar/heim kan diskutere saker både anonymt men også med namn om dette er avklart med heimen.
- [Tverrfagleg Team](#): Inn til Tverrfagleg Team kan både heim og barnehage melde inn saker. I Tverrfagleg Team sitt det faste representantar frå helsestasjon, PPT og barnevern som skal sikre ei brei kompetanse inn i teamet. Teamet kan tilby råd og rettleiing knytt til både utvikling, fysisk/psykisk helse, familieliv og barnehagetilbod.

- Helsestasjon: Både barnehage og helsestasjon kan ta kontakt med kvarandre når det gjeld oppfølging av barn, men også ved behov for rettleiing i aktuelle tema/problemstillingar. Det er også naturleg for helsestasjon å ta kontakt med barnehage i etterkant av helsekontrollar om dei t.d. har behov for utfyllande informasjon ang. barnets utvikling i barnehage. Samtykke for deling av informasjon mellom barnehage og helsestasjon ligg i foreldreappen.
- Barnevern: Barneverntenesta er også ein nær samarbeidspart for barnehage. Barnevern har ei brei kunnskap om barns helse og utvikling og har som hovudmål å sikre at barn som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får rett hjelp til rett tid. Det også derfor dei sitt med fast repr. inn i Tverrfagleg Team. Me arbeidar aktivt for å gjere barnevern «ufarleg» som hjelpeinstans. Kontakt med barnevern er ikkje einstydande med at du ikkje er skikka til å vere forelder eller at barnet skal bli tatt ut av heimen. For barnehagen er barnevernet ein rådgjevande instans i tilfelle der barnehagen treng råd og rettleiing. Dette kan vere kring ulike tema/problemstillingar, men også i forkant av ei ev. bekymringsmelding. For heimen er også barnevernet ein rådgjevande instans som kan rettleie foreldre der ei har behov for dette. I tillegg kan barnevern sette inn hjelpetiltak i from at støttekontakt, avlastning for foreldre, besøksheim, økonomisk hjelp m.m.

## TILSYN

Vestnes kommune som barnehagemyndigkeit skal føre tilsyn med alle barnehagar i kommunen etter §§ 8 og 16 i Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar.

I Vestnes kommune er gjennomføringa av tilsyn delegert til administrasjonssjefen v/kommunalsjef for oppvekst. Tilsynsansvarleg gjennomfører tilsynet saman med barnehagekonsulenten.

Tilsyn med barnehagane er ei kontinuerleg oppgåve. For å sikre kontinuitet, systematikk og gode rutinar i tilsynsarbeidet er det nødvendig at kommunen har ein plan for tilsynet. Planen skal vere kjent for barnehageeigarane, tilsette og foreldre.

Viser til planen: “[Plan for tilsyn med barnehagane i Vestnes kommune](#)”

Avvik som kjem fram i tilsyn med barnehagane kan bli meldt til kommunestyret via driftsrapport.

## STYRINGSDOKUMENT

Barnehagen har følgjande styringsdokument

- Barnehagelova  
[Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver  
[Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](#)
- Kommunens overordna satsingsområde  
[Planar og utviklingsarbeid - Vestnes kommune](#)
- Barnehagens årsplan (den vert levert i form av kalender)



**VI SER FRAM TIL Å BLI BETRE KJEND MED DYKK!**